

Alver kommune, Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykker: 0a46ba46-bce9-4fa6-b938-
6548cbe262ce
Vår: 22/5239 - 22/65254

Saksbehandlar:
Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:
30.08.2022

Detaljregulering for Snekkevika - Offentleg ettersyn og høyring - uttale kultur

Viser til offentleg ettersyn og høyring for detaljregulering for Snekkevika og utsett frist til å koma med uttale. Avdeling for kulturutvikling, idrett og frivillighet har lese gjennom plandokumenta, og har følgjande kommentarar og innspel til planframlegget:

Innanfor planområdet er det fleire område med kvalitetar som er viktige for friluftslivet. Dette gjeld særleg badeplassen og tilkomsten til denne, men også Kjesethjørna som både vert nytta til roing, fisking, og til å gå på skøyter om vinteren, samt ein tursti som går frå båthamna i Snekkevika og mot Haugstad. Det er også fleire kulturminne innanfor planområdet. I tillegg til dei automatisk freda lokalitetane innanfor planområdet, er det eit par naustegrunnar ved badeplassen, og ein stummegard og restar etter kvernhus ved elva som renn frå Kjesethjørna til sjøen.


Badeplassen i Snekkevika (bilete på neste side) var tidlegare mykje nytta, og er ein av få gode, offentleg tilgjengelege badeplassar i sjøen nordaust på Radøy. Badeplassen i Snekkevika ligg lunt til, det er grunt heilt ut til holmen og såleis veleigna for små born. Det er også eit fint bakland til badeplassen med graskledd bakke. Badeplassen har dei seinare åra vore mindre nytta, og det har heller ikkje har vore utført vedlikehald og skjøtsel på badeplassen eller på tilkomsten til badeplassen. Det er eit stort ynskje lokalt om at badeplassen igjen vert betre tilrettelagt og får jamleg vedlikehald. Bergen og omland friluftsråd skriv i sin uttale at det er ynskjeleg at området kring badeplassen, tilkomsten (o_GT) og parkeringsplassen vert innløyst og statleg sikra. Me er samde i dette.

I kapittel 4.3.2 i føresagnene er det nemnd fleire tiltak som skal vera tillatt innanfor o_GF1. Me ber om at også gapahuk og stupebrett vert tatt med her.

Alver kommune


Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922



Av omsyn til badeplassen bør det ikke etablerast fleire båtplassar i Snekkevika. Då det er grunt ut til holmen ved badeplassen må alle som skal svømma, hoppa, stupa eller brukta SUP og liknande vera utanfor holmen og såleis i det området som alle som skal inn og ut av Snekkevika må passera. Fleire båtplassar i vika vil føra auka trafikk og dermed meir støy og uro, bølger og potensielt fleire farlege situasjonar for badande. Me ber difor om at småbåthamn i f_VS2 vert tatt ut av planen.

Det er to naustgrunnar ved badeplassen i Snekkevika, men berre den eine av desse er registrerte i plankartet. Me ber om at også den andre naustegrinnen (sjå biletet til venstre under) får omsynssone H570. Heller ikkje kvernhusgrunnane eller stemma er verna i planen. Stemma bør vernast og få omsynssone H570 (sjå biletet til høgre under). Dersom veggen kjem i konflikt med stemma, må vegen flyttast.



Med helsing

Eirik B. Utne
Kultursjef

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune, Plan og byggesak Postboks 4 5906 FREKHAUG